

- Seljord kommune, Telemark bilruter AS, Bergene Holm Eiendom AS og Seljordsutstillinga Dyrsku'n er samde om ei felles utbyggingsavtale for å realisere den varsla satsinga på næringsområdet i Nordbygdi i Seljord.

- Den endelege godkjenninga av det omforente avtaleutkastet skjer i kommunestyret i Seljord førstkomande torsdag 29.april.

- Eg er svært glad for at vi no er kome i mål med forhandlingane og har fått på plass ei felles utbyggingsavtale for Nordbygdi næringsområde. Samtidig er det viktig for meg å understreke at partane no tek ein stor risiko med tanke på at vi ikkje har fått avklart ekstern finansiering, seier ordførar i Seljord kommune, Beate Marie Dahl Eide.

- Seljord kommune, som byggherre for infrastrukturen, har hatt både vatn og avløp (VA), avkjørsle frå E134, bru og internvegar ute på konkurransen. Ordføraren seier det er viktig at ein får nytta tilboda ein har fått på plass, slik at prosjektet vert så rimeleg og bra som råd.

- Hastar å komme i gang

Årsaka til at partane vel å gå vidare med prosjektet på noverande tidspunkt er det store behovet Telemark Bilruter AS har for at utbygginga av infrastrukturen i Nordbygdi kjem raskt i gang. - Det er tidskritisk at vi kjem i gang no med tanke på tidsplanen til Telemark Bilruter for ferdigstilling av deira nye anlegg, seier Dahl Eide. - Det seier seg sjølv at ein ikkje kan risikere at ei slik storinvestering står klar utan avkjørsle frå E134 og VA-tilkopling.

- Har snudd alle steinar

Etter at Telemark Utviklingsfond (TUF) i mars sa nei til å støtte prosjektet har det blitt jobba raskt på fleire frontar. Ordføraren seier alle steinar har blitt snudd for å gjere det mogleg å kome i gang med prosjektet: - Vi har greidd å redusere totalkostnaden i prosjektet noko, samtundes har vi no fordelt den attståande risikoen og potensielle kostnadane mellom oss fire partane, seier Dahl Eide.

- Stort økonomisk løft i ein pandemi

Ordføraren seier det utan tvil er svært krevjande med tanke på den totale finansieringa av prosjektet: - Prosjektet er framleis ikkje fullfinansiert, og aktørane tek difor ein svært stor risiko når ein no likevel vel å gå i gang med utbyggingane på tross av dette. Dei enkelte aktørane, inkludert kommunen, går no inn med langt større bidrag enn nokon hadde sett føre seg då dette starta opp. I tillegg er to av aktørane (Telemark Bilruter og Dyrsku'n) blitt svært hardt ramma av den pågåande korona-pandemien, noko som gjer det økonomiske løftet for partane endå tyngre. Dette bekymrar ordføraren. Ho vil samtundes gje ros til aktørane

for å vere løysingsorienterte og å ha fokus på kor viktig dette prosjektet er: - Dette har betydning for heile Vest-Telemark, ja heile fylket vårt, ikkje berre den enkelte aktøren.

- Arbeider vidare med ekstern finansiering
- Jobb nummer ein framover vert å få dekt inn noko av prosjektkostnaden gjennom ekstern finansiering, seier Dahl Eide, som ser for seg Vestfold og Telemark fylkeskommune (VTFK) og Statens Vegvesen som to aktørar som bør bidra. Ho seier alle som får presentert det store næringsutviklingsprosjektet gjev svært positive attendemeldingar. Ordføraren seier dei har som mål å få inn minst 4 millionar kroner frå eksterne aktørar.

Dåverande Telemark fylkeskommune ga i 2010 5 millionar i støtte til utvikling av næringsområdet på Brenna (i dagens Midt-Telemark kommune). Dei to prosjekta er på mange måtar samanliknbare, men prosjektet i Seljord er meir omfattande. Det totale næringsområdet i Nordbygdi er langt større enn området på Brenna og treng ei større investering i infrastruktur. I tillegg har ein i Nordbygdi-prosjektet med private aktørar som tek store investeringar i eigen regi. Prosjektet i Seljord inkluderar òg framtidig utvikling av Dyrsku'n som eit unikt og sentralt element, i tillegg til dei svært positive ringverknadane for sentrumsutviklinga i Seljord og næringsutvikling i heile regionen. Difor meinar Seljordsordføraren fylkeskommunen bør sjå svært positivt på ein søknad om bidrag frå dei fire aktørane.

I tillegg til å sökje fylkeskommunen om midlar vil ordføraren gå nye rundar med Statens Vegvesen: - Det er rett og slett uhørt at SVV nekta å vere med å finansiere ei slik avkjørsle frå ein statleg veg, som heilt openbart vil bidra til utvikling i kommunen. Det kan ikkje vere slik at vegvesenet skal vere frikopla alt som heiter samfunnsansvar når ein statleg veg først er lagt ein stad. Vi har knapt med areal til desse formåla i Seljord, og vi har eit stort behov for å få tungtransporten ut av sentrum. Denne dugnaden bør Statens vegvesen òg bidra i. Ideelt sett burde det meste av kostnaden med eit kryss frå E134 vore finansiert direkte av Statens Vegvesen. Om nødvendig må denne saka løftast til eit høgare politisk nivå, seier ordføraren avslutningsvis.

Kontaktperson:  
Ordførar Beate Marie Dahl Eide Seljord kommune mobil 91739893